

Viktig steg for psykisk helse

I ÅREVIS HAR arbeidet med psykisk helse vore nedprioritert. Eller det har i alle fall ikkje vore så sterkt prioritert som det burde, her i landet. No tek sogningane styringa for å gjera noko med dette.

99
Og forskjellen blir berre større og større for kvart år som går.

OG DET MANGLAR ikkje på ambisjonane når regionen vår, på tvers av både kommunegrenser og fagmiljø skal løfta Sogn opp som best i landet når det gjeld psykisk helsearbeid for og blant born og unge.

SAMARBEIDSAVTALEN SOM VART underteikna før helga, skal nettopp gjera arbeidet med psykisk helse, spesielt i skule og barnehage, betre.

OG DET ER realisme bak den høge målsetjinga når me ser kven som har skrive under avtalen. Her er signaturane frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet, Regionalt kunnskapssenter for born og unge, HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen (Senter for forsking om helsefremjande arbeid, miljø og livsstil) og Sogn regionråd med.

ME LIKAR MÅTEN ordførar Ivar Kvalen i Luster, som er regionrådet sin mann i prosjektet, omtalar det på. «Det har noko med korleis me forvaltar formuen vår, altså born og unge, å gjera».

DET ER NETTOPP dette det handlar om, og det er difor det er så viktig.

ME VEIT IKKJE om dette var tilfeldig, men i går offentleggjorde Bergens Tidende resultatet frå ei gransking av levekår og levealder for personar med psykiske lidingar. Og forskjellen blir berre større og større for kvart år som går.

EI HOVUDFORKLARING KAN vera at me i vårt samfunn neglisjerer den fysiske helsa til folk med psykiske lidingar. Helsevesenet og me andre opptrer som om dei psykiatriske pasientane er mindre verd enn andre.

OGSA PÅ EIT slikt bakteppe er samarbeidet som no startar opp i Sogn viktig. Det kan vera avgjande å førebyggja i ung alder.

I TILLEGG TIL at det psykososiale lærings- og utviklingsmiljøet i barnehagane og skulane er viktig i den nye samarbeidsavtalen, skal dei involverte arbeida med å laga ein felles modell for eit framtidig tverrfagleg samarbeid mellom barnehagane, skulane, barnevernet, PPT-kontora og helsestasjonane.

DET ER AMBISJØSE mål, men dei er truverdige og realistiske. Ikkje minst fordi denne regionen gjennom prosjektet *Sats på skulen – Snu Sogn* – har vist unik vilje og evne til å samarbeida godt – berre tema er viktig nok.

Ti tiltak for ein betre

Den største utfordringa norsk skule står ovanfor dei komande åra, er å sikre mange nok dyktige lærarar.

Venstre har tru på kunn- skap for å løyse utfordringane i framtida. Vi treng alle dei kloke hovuda for å løyse klimautfordringane, skape moderne vel- ferdsteknologi og utvikle norsk næringsliv.

Så godt som alle undersøkingar konkluderer med at den viktigaste faktoren for å gjere elevane si læring betre, er læraren. For å satse på skulen må vi difor satse på læraren.

Tal frå SSB seier at vi kan få ei underdekning på om lag 11.000 lærarårsverk i 2020. Samstundes er det om lag 37 000 lærarutdanna i andre yrke, medan det i grunnskulen er opp mot 10.000 lærarar som ikkje har formell kompetanse til å undervise. Dette vil Venstre gjere noko med.

Det er heilt avgjerande at dei om lag 3000 lærarane som hadde sin første arbeidsdag for eitt år sidan, ønskjer å bli verande i skulen, at rekrutteringa av nye lærarar aukar, og at fleire lærarar kjem tilbake til jobben dei i utgangspunktet er utdanna til. Det vil Venstre gjere kva vi kan for å få til. Vi har difor lansert ti tiltak for ein god skule.

Venstres ti tiltak for ein god skule:

1. Løyvingane til kompetan- seheving for lærarane har auka i årets statsbudsjett, og kunn- skapsministeren har lova at lærarutdanninga skal bli femårig. Dette vil Venstre sjå til at vert skikkeleg gjennomført.

2. Sats på læraren. Venstre vil at dyktige lærarar skal ønskje å bli i skulen og halde fram å undervise. Det ligg inne i lærar- løftet at det skal bli etablert nye karrierevegar i skulen, slik at lærarar kan stige i gradene,

spesialisere seg, og kunne oppnå høgare løn og status.

3. Ufaglærde lærarar i skulen skal få tilbod om eit skikkeleg kompetanseløft. Slik kan vi sikre høg fagleg kompetanse i skulen og samstundes få erfarte lærarar til å bli.

4. Læraren må ha tid til å vere lærar. Vi må kutte i byråkratiet, redusere forskrifter og fjerne unødvendige rapporteringskrav som stel tid frå kjerneoppgåvane til læraren. Utdanningsforbundet si medlemsundersøking i fjar, viser at 6 av 10 lærarar brukar meir tid på møte, rapportering og administrative oppgåver enn tidlegare.

5. Av same undersøking går det fram at 5 av 10 lærarar med jamne mellomrom utfører arbeidsoppgåver som naturleg hører til andre arbeidsgrupper. Difor er det viktig å få fleire ulike yrkesgrupper inn i skulen til å ta dei andre arbeidsopp- gåvane, som spesialpedagogar, miljøterapeutar, helsesøster og merkantilt personale. Dette ligg inne i lærarløftet frå samarbeidsregjeringa.

6. Venstre vil få inn 1000 nye helsesøstrer i grunnskulen. Mange elevar sluttar på skulen på grunn av tilhøve som har lite med skulen å gjere. Helsesyster er ei viktig førstelinjeneste, med god kompetanse og erfaring med å jobbe førebyggjande med barn og ungdom. Det er viktig at heile landet har god nok dekning.

7. Studiestøtta må aukast i kroner og lengde for å gje studentar ein økonomi de kan leve av. Slik som det er no har dei med rike foreldre større sjanse til å kome seg gjennom studiet med gode karakterar, enn dei som har fattige foreldre. Her er det staten si oppgåve å gje like moglegeheter til alle.

8. Gratisprinsippet skal

Så kom feiaaren ...

Ja, han sa at han var feiar, men jammen lurer eg. For gjennom 50 år har huset mitt jamleg hatt besøk av feiar, og aldri før har feiaaren reist att utan å feie, men det skjedde denne gongen.

So registrerte eg at det ikkje var kommunal feiar me fekk besøk av, men eit for meg nytt firma som er interkommunalt.

Denne feiaaren sette krav om at takstige skal vere komen på taket og festa både oppe og nede på taket. So skal stege vere reist opp til takkanten og festa.

Er feienesta klar over at det er oppfunne noko som heiter lift, som kan løfte feiaaren trygt og enkelt opp til pipa? Nokre stader kjem ein ikkje til pipa med lift, men truleg vil denne kunne brukast i 90 prosent av pipene.

Eg prøvde i fleire år å ha stigen liggjande på taket om vinteren, men opplevde at snøras fort kom ned att med stegen, etter å ha trekt femtoms skruar opp av treverket ved mønet. Eg bad då om råd frå

den kommunale feiaaren om kva eg skulle gjere. Han bad meg få montert to kraftige krokar opp ved mønet og kjøpe inn ein vanleg aluminiumstige, som han ved feiring kunne ta opp på taket og tre ned på krokane, for deretter å ta den ned igjen for kvar feiring. Han innrømde at det ikkje var brukande med fastmonterte stie på taket i Jostedalen på grunn av dei store og tunge snøfalla som stort sett kjem kvar vinter.

Altså – mi forståing med feiaaren gjennom 50 år var at eg skulle ha to solide krokar skrudd fast oppe ved mønet og to aktuelle aluminiumstigar ligjande på plenen. Då monterte feiaaren sjølv stigane på taket, feia og tok dei ned att. Ei grei avtale som fungerte gjennom alle år.

No krev den nye feiaaren at eg skal leige inn takmontør til å feste stige på taket, oppe og nede og reise og feste stege mot takkanten. Så kjem denne nye feiaaren og sender kosten